

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119  
0032 Oslo



**Møre og Romsdal fylke**

FYLKESORDFØRAREN

**KD**

28 SEPT. 2006

20060145-77

|             |              |                |                             |            |
|-------------|--------------|----------------|-----------------------------|------------|
| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:       | Vår saksbehandlar:          | Vår dato:  |
|             |              | MR 18117/2006/ | Anita Steinbru, 71 25 86 95 | 29.09.2006 |

## Uttale frå Møre og Romsdal fylke vedk. "Forslag til endring i opplæringslovens bestemmelser om fag- og yrkesopplæringa"

Fylkesutvalet behandla sak U-135/06 i møte 18.09.06 og følgjande blei ført i møteboka:

### Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 18.09.2006

Fylkesutvalet sluttar seg til framlegget til uttale. Fylkesutvalet vil understreke betydninga av at lærarorganisasjonane får fast representasjon i yrkesopplæringsnemnda.

Med helsing

Jon Aasen  
fylkesordfører

Kunnskapsdepartementet  
Postbokds 8119 Dep  
0032 Oslo



Møre og Romsdal fylke



|             |              |                       |                            |            |
|-------------|--------------|-----------------------|----------------------------|------------|
| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:              | Vår saksbehandlar:         | Vår dato:  |
|             |              | MR 16971/2006/A50/&13 | Anita Steinbru,71 25 86 95 | 13.09.2006 |

## HØYRINGSUTTALE - RAPPORT FRÅ ARBEIDSGRUPPE MED FRAMLEGG OM ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA NÅR DET GJELD FAG- OG YRKESOPPLÆRINGA

Vi viser til høyringsbrevet av 15.05.06 og sender med dette uttale frå Møre og Romsdal fylke, med atterhald om godkjenning i fylkesutvalet i møte 18.-19.9.06.

Framlegget (sjå vedlegg) har vore lagt fram for yrkesopplæringsnemnda 30.8. og utdanningsutvalet 7.9. til uttale.

### **Samrøystes vedtak i yrkesopplæringsnemnda 30.08.06:**

*Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til framlegget til uttale frå fylkesutdanningsdirektøren.*

### **Samrøystes vedtak i utdanningsutvalet 7.9.06:**

*Utdanningsutvalet sluttar seg til framlegget til uttale og tilrår at Fylkesutvalet understreker betydningen av at lærarorganisasjonane får fast representasjon i Yrkesopplæringsnemnda.*

Vedtaket i Fylkesutvalet blir ettersendt

Med helsing

Per Hoem  
fylkesutdanningsdirektør

Anita Steinbru  
seksjonsleiar



Møre og Romsdal fylke



saksframlegg

|            |               |                    |
|------------|---------------|--------------------|
| Dato:      | Referanse:    | Vår saksbehandlar: |
| 16.08.2006 | MR 15030/2006 | Anita Steinbru     |

|        |                       |                  |
|--------|-----------------------|------------------|
| Saksnr | Utval                 | Møtedato         |
| 16/06  | Yrkesopplæringsnemnda | 30.08.2006       |
| 19/06  | Utdanningsutvalet     | 07.09.2006       |
|        | Fylkesutvalet         | 18. – 19.09.2006 |

## Høyring - Rapport frå arbeidsgruppe "Forslag til endringer i opplæringslovens bestemmelser om fag- og yrkesopplæringa"

### Innleiing – fylkeskommunen sitt ansvar

Arbeidsgruppa som har lagt fram forslag til endringar i opplæringslova når det gjeld fagopplæring, har drøfta og kome med framlegg på fleire område. Det fylkeskommunale ansvaret i høve til yrkesopplæringsnemnda, kvalitetssystem og tilsyn, samansetting av yrkesopplæringsnemnda, godkjenning av lærebedrifter og opplæringskontor og lærebedrifter og lærlingane sine rettar og plikter er mellom temaene i rapporten.

Generelt inneber framlegget ei naudsynt presisering i samsvar med faktisk gjeldande praksis, samt ei tilpassing til grunnopplæringsreforma og arbeidet med å utvikle ein strategi for kvalitet i fag- og yrkesopplæringa. Fylkesutdanningsdirektøren er samd i presiseringa av fylkeskommunen sitt ansvar for å rettleie og følgje opp opplæringa i bedrift, og framlegget om å nytte omgrepet tilsyn når det gjeld det statlege ansvaret for tilsyn med kommunar og fylkeskommunar.

Fylkesutdanningsdirektøren er og samd i at yrkesopplæringsnemnda skal ha ei sentral rolle i planlegging og utvikling av kvalitetssystem for heile fag- og yrkesopplæringa. Det er viktig å streke under samanhengen mellom opplæring i skole og bedrift i yrkesfaga, og at dette også kjem fram i opplæringslova. Ein er og samd i at kvalitet, dimensjonering, rådgjeving/rettleiing og regionalt utviklingsarbeid er viktige samarbeidsområde for skole-arbeidsliv, og at yrkesopplæringsnemnda skal ha uttalerett i saker som skal handsamast politisk på desse felta.

Vidare er det viktig å presisere at det er fylkeskommunen som skal sjå til at lærebedrifta har eit internt system for kvalitetssikring, og at fylkeskommunen skal ha kontakt med fagleg leiar i bedrifta.

### Samansetting av yrkesopplæringsnemnda

Arbeidsgruppa foreslår at opplæringslova ikkje skal ha eit absolutt tal på medlemmar i yrkesopplæringsnemnda. Det viktigaste er at partane i arbeidslivet har fleirtal i

yrkesopplæringsnemnda. Det bør, etter framlegget, framleis vere lovfesta at det skal vere ein representant for lærlingar/lærekandidatar i yrkesopplæringsnemnda.

Fylkesutdanningsdirektøren i Møre og Romsdal sluttar seg til dette, og er samd i at samansettinga elles vert opp til den einskilde fylkeskommune å avgjere. Med vektlegging av heilskap og samanheng i opplæringsløpet skole-bedrift, kan det til dømes vere aktuelt å ha lærarorganisasjonane representert.

### **Lærebedrifter og opplæringskontor/ringar**

Arbeidsgruppa har framlegg om presiseringar at det er fylkeskommunen, og ikkje skolane som skal ha ansvaret for å gi opplæring som lærlingar/lærekandidatar ikkje kan få av lærebedrifta.

Krava til å få godkjenning som lærebedrift skal bli tydelegare i lova, og arbeidsgruppa ønskjer at opplæringskontora må ha bestemmelser om samarbeidet mellom lærebedriftene som er medlemmer. I Møre og Romsdal blir det alt no praktisert slik at medlemsbedrifter i opplæringskontor må ha eiga godkjenning som lærebedrift, og vi meiner at dette bør gå klart fram i lova.

I §4-3 Godkjenning av lærebedrift i første avsnitt står følgjande i lovframlegget: "lærebedrifta må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på yrkesopplæringsnemndas faglege vurdering før endeleg vedtak fattast". Her støttar vi høyringsuttalen frå Nordland fylkeskommune som i staden meiner det bør stå: "Kriterium for å bli godkjend ut over det som kjem fram i denne lova, blir sett fast av yrkesopplæringsnemnda." Dette vil i større grad vere i samsvar med intensjonane for yrkesopplæringsnemndas nye rolle i høve til forvaltningsoppgåvene i lovframlegget forøvrig. Det same gjeld ordlyden i framlegget: "prøvenemndene blir oppnemnt av fylkeskommunen etter framlegg frå yrkesopplæringsnemnda". Det bør snarare stå: "prøvenemndene blir oppnemnt av fylkeskommunen ut frå dei retningsliner som yrkesopplæringsnemnda har lag til grunn."

Det skal vidare vere tydeleg i lova kva den einskilde bedrift skal gje av opplæring og fordeling av tilskottet. Endring av samansettinga i eit opplæringskontor skal meldast til fylkeskommunen som skal gjere ei ny vurdering av godkjenninga. Dette siste er i tråd med gjeldande praksis her i fylket. Alle medlemsbedrifter i opplæringskontor blir godkjent av utdanningsavdelinga.

Arbeidsgruppa har framlegg om at det blir presisert at tilskottet skal gå til opplæring. Vidare om presisering av at ein bedrift kan ha fleire enn ein fagleg leiar, og krav om at alle lærebedrifter skal ha instruktør. Det bør i lova bli stilt krav til lærebedrifter om at dei har eit internt system for kvalitetssikring av opplæringa og at dei skal rapportere til fylkeskommunen på dette feltet. Fylkesutdanningsdirektøren i Møre og Romsdal sluttar seg til dette framlegget.

### **Rettar og pliktar for lærlingar og lærekandidatar**

§4-2 første ledd slår fast at lærlingen og lærekandidaten er arbeidstakarar med rettar og plikter i høve til mellom anna arbeidsmiljølova. Lovarbeidsgruppa vil at det skal gå like

klart fram av lova at lærlingar og lære kandidatane har rett til opplæring i samsvar med lærekontrakt og opplæringskontrakt. Arbeidsgivar er den lærebedrifta som det er teikna arbeidsavtale med og der lærlingane/lære kandidaten er plassert, og ikkje i opplæringskontoret som det er teikna lærekontrakt med.

Fylkesutdanningsdirektøren har ut over det som er nemnt over inga merknader til lovframlegget, og rår til at utdanningsutvalet gjer følgjande

**vedtak:**

Utdanningsutvalet sluttar seg til framlegget til uttale.

Per Hoem  
fylkesutdanningsdirektør

Vedlegg: Vedtak i yrkesopplæringsnemnda

## **UTSKRIFT FRÅ MØTEBOK**

### **MØTE I YRKESOPPLÆRINGSNEMNDA 30.08.06**

#### **YN 16/06 A Høyring – Rapport frå arbeidsgruppe "Forslag til endringer i opplæringslovens bestemmelser om fag- og yrkesopplæringa**

Fylkesutdanningsdirektøren har ut over det som er nemnt over inga merknader til lovframlegget, og rår til at yrkesopplæringsnemnda gjere følgjande

vedtak:

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til framlegget til uttale frå fylkesutdanningsdirektøren.

#### **Samrøystes vedtak i Yrkesopplæringsnemnda – 30.08.2006**

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til framlegget til uttale frå fylkesutdanningsdirektøren.